



# Å bli ein som jobbar. Ein tematisk analyse av studentperspektiv på obligatorisk praksis i sosiologi ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)

## Becoming someone who works. A thematic analysis of student perspectives on mandatory work placements in sociology at the Western Norway University of Applied Sciences (HVL)

Irina Pavlova

Høgskulelektor i sosiologi, Høgskulen på Vestlandet

[Irina.pavlova@hvl.no](mailto:Irina.pavlova@hvl.no)

### Sammendrag

Forventningar om framtidige kompetansebehov legg føringar for tettare samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og arbeids- og samfunnsliv. Som ein del av denne utviklinga har fleire utdanningsinstitusjonar introdusert arbeidspraksis på utdanningar som historisk ikkje har tradisjonar for dette. Denne artikkelen legg fram ei kartlegging av studentperspektiv frå ein evalueringsstudie om innføring av obligatorisk praksis i bachelorutdanninga i sosiologi ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Forskingsspørsmåla er kva lærdommar studentar oppnår av og i sosiologisk praksis, og korleis studentane skapar mening mellom den teoretiske og den praktiske bruken av sosiologien. Artikkelen analyserer data frå fire gruppeintervju, to før og to etter praksisopphaldet. Studien viser ei breidd av erfaringar studentar i disiplinfag møter i arbeidspraksis. Å utvikle ein arbeidsidentitet og bli ein aktiv medlem i eit praksisfellesskap er sentrale lærdommar for studentane. Studien peikar også på nokre utfordringar studentane møter i praksis, som t.d. faglege og sosiale spenningar i etableringa av praksisfellesskap, kjensle av naudsyn legitimering av sosiologisk fagkunnskap i meningsforhandlingane med arbeidslivet og utfordringar kring refleksjonsprosessen om si faglege «nytte» på arbeidsplassen. Spenningane studentane møter i praksis, kan på si side bringe fram nye måtar studentane tenkjer på kring sin eigen fagkompetanse etter avslutta studiar.

### Nøkkelord

arbeidslivsrelevans, praksisfellesskap, sosiologisk faglegheit, arbeidsidentitet

### Abstract

Prospective employees' expectations of developing competences necessitates closer cooperation between higher education and external stakeholders. As part of this development, several universities have introduced work placements to traditional theory-based programmes. Using an evaluative research design, this article presents students' perspectives on a compulsory work placement in sociology at the Western Norway University of Applied Sciences (HVL). The primary research questions are: what learning outcomes do students encounter from placements in sociology?; and, how do students create meaning between the theoretical and applied use of sociology? The empirical analysis is based on four group interviews: two prior and two post-completion of the placement. This study illustrates a breadth of student experiences during work placements. Developing a work identity and becoming an active member of a community of practice are central lessons for the students. This study also points to challenges students face during placements, such as professional and social tensions in the establishment of communities of practice, a feeling of necessity to legitimise sociological competence in the processes of negotiation of meaning at the workplace, and challenges within reflections on their 'usefulness' in the workplace. Conversely, the

tensions that students experience in practice can also lead towards new ways students think about their own competence upon completion of their studies.

#### Keywords

work orientation, communities of practice, sociological professionalism, work identity

## Sosiologi i praksis

Forventningar om framtidige kompetansebehov legg føringar for tettare samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og arbeids- og samfunnsliv. Satsinga på å skape meir arbeidslivsrelevante utdanningar er ein del av ein større internasjonal og global trend (Hansen et al., 2020) der fleire høgare utdanningsinstitusjonar har innført arbeidspraksis integrert i utdanningsløpet, også på disiplinutdanningar som historisk ikkje har tradisjon for dette (NOKUT, 2018). Ein konkret og uttalt ambisjon i Arbeidslivsrelevansmeldinga er «meir og betre praksis», med mål om at fleire studentar på disiplinfaglege studieprogram får tilbod om praksis undervegs i studiane (Meld. St. 16 (2020–2021), s. 73). Denne artikkelen tek utgangspunkt i evalueringsstudien med å innføre obligatorisk praksis på bachelorprogrammet i sosiologi ved HVL (Høgskulen på Vestlandet, 2021) og kartlegge studentferingar kring ei slik satsing.

Sosiologiutdanningane i Noreg ligg lågt på Studiebarometeret på spørsmål om tilknytning til arbeidslivet. Resultata frå Studiebarometeret 2019 viser ein samla score på 2,2 (på ein skala frå 1 til 5) for studentvurderinga av arbeidslivsrelevans på alle sosiologiutdanningar i Noreg (NOKUT, 2019). Sosiologi og sosialantropologi utgjer dei to lågaste scorane i undersøkinga om arbeidslivstilknytning. Resultata kan tolkast som ein indikasjon på at sosiologiutdanningane i Noreg har utfordringar med å synleggjere relevansen av den sosiologiske fagkompetansen studentane får under og har etter avslutta studium. Ein hypotese, bygd opp under kunnskapsgrunnlaget frå Arbeidslivsrelevansmeldinga, kan vere at praksiselementet i utdanninga kan vere med å flytte faget frå klasserommet til arbeidslivet og såleis gjere studentar og omgjevnadar meir merksame på sosiologiske analysar og tenkjemåtar i praksis. Samstundes, trass i låg score på Studiebarometeret, viser Spesialkandidatundersøkingar at ferdigutdanna sosiologikandidatar har lite problem med å få jobb og finne seg til rette i arbeidslivet. Undersøkinga frå 2017 kartlegg arbeidsmarknadssituasjonen for masterkandidatar to–tre år etter fullført utdanning og viser at ingen av sosiologikandidatane som har svart på undersøkinga, er arbeidsledige, og berre 6,1 % melder om å vere i irrelevant arbeid (Støren et al, 2018, s.48). Utifrå denne dokumentasjonen kan ein argumentere for at manglande arbeidslivsrelevans er eit konstruert problem, når dei fleste sosiologar får jobb etter avslutta studium. Utfordringa med denne påstanden er at ein veit lite om arbeidssituasjonen for sosiologikandidatar med ein bachelorgrad. Ei av tilrådingane frå evalueringskomiteen av praksis i disiplinfag (NOKUT, 2020, s. 106) peikar særskild på mål og strategiar for fremming av arbeidslivsrelevans på bachelornivå fordi ikkje alle kandidatar held fram med ein mastergrad. Såleis vart det viktig å sikre at studentar møter arbeidslivsretta tiltak tidleg i studieløpet. Det finst vidare lite informasjon om kva kandidatar med bachelorgrad tek seg til etter avslutta utdanning, og lite kunnskap om erfaringar med arbeidspraksis for sosiologistudentar. Ein kan difor fastslå at det er behov for kunnskap om både arbeidslivsvegane til sosiologar med bachelorutdanning og kartlegging og evaluering av praksis som læringsform for fremming av eksplisitt arbeidslivsretting i sosiologi. Denne artikkelen bidrar til det sistnemnde.

Trass i at det historisk ikkje er tradisjon for praksisopphald på sosiologiutdanningane, har fleire studieprogram i Noreg introdusert praksis som ein del av studieløpet for studentar

på bachelornivå. I 2022 er det ni studiestadar som tilbyr bachelor i sosiologi i Noreg. Studieprogramma ved NTNU, UiS, UiT og HVL har introdusert eigne emne for praksis på sosiologi<sup>1</sup>, med HVL som den einaste institusjonen som tilbyr praksis som ein obligatorisk del av utdanninga. Med auka interesse for praksis i disiplinfag og fleire program som innfører praksis som ein del av studieløpet, er det naudsynt med meir empirisk kunnskap på feltet. Føremålet med denne studien er å sjå på kva lærdommar studentar oppnår av og i sosiologisk praksis, og korleis studentane skapar mening mellom den teoretiske og den praktiske bruken av sosiologien.

Wenger (1998, s. 51) trekk fram at praksis først og fremst er ein prosess der vi kan oppleve verda og vårt engasjement som meningsfullt. Eit praksisfellesskap er med på å utvikle tilhørsle og identitet, men det forutset at deltakarane er aktive i meningsforhandlingane som skjer i praksis. Ved aktivt å delta og samhandle med arbeidslivet er studentane sentrale aktørar i konstruksjonen av praksisfellesskap som ein del av sosiologiutdanninga ved HVL.

## **Evalueringstudien «Arbeidslivsretta sosiologi» og metodisk framgangsmåte**

Arbeidspraksis i sosiologi ved HVL vart innført med kull 2017, med første studentar i praksis hausten 2019. Ein sju vekers praksisperiode er eit arbeidskrav på emnet Arbeidslivsretta sosiologi i tredje året av utdanningsløpet. Studentar får tidelt ein mentor på arbeidsplassen som får eit særskild oppfølgingsansvar i praksisperioden. I tillegg får studentane ein fagkontakt frå høgskulen som fagleg støtte undervegs og som rettleiar i skrivinga av praksisrapporten. Fagkontakten, mentoren og studenten samarbeider før praksisoppstart om å lage ein plan over arbeidsoppgåver som studenten skal gjere i praksis. Emneplanen skildrar fleire føremål med praksisopphaldet: Studenten får bruke og utvikle sin faglege kunnskap på ein relevant arbeidsplass, å bli meir medviten om eiga framtidige yrkesrolle, danne grunnlag og inspirasjon for å utvikle sosiologiske problemstillingar knytt til arbeidslivet og å finne, vurdere og vise til innovasjonsprosessar på arbeidsplassen (Høgskulen på Vestlandet, 2020). Praksisopphaldet i sosiologi kan såleis koplast til forskingstradisjonen innan «applied sociology», som mellom anna refererer til bruken av sosiologiske teoriar og metodar utanfor akademiske miljø med sikte på å produsere positiv sosial endring gjennom aktiv intervensjon (Finkelstein, 2009). Føremålet med praksisopphaldet er å bruke og utvikle den faglege kunnskapen på ein relevant arbeidsplass der studenten skal få høve til å erfare korleis det er å arbeide i ein jobb der ferdigheiter frå utdanninga blir brukt. Vi kan difor omtale praksis på utdanninga som ei form for «applied sociology», eller sosiologi i bruk.

Kunnskapsgenereringa i denne artikkelen er utforma som ein evalueringstudie (Bukve, 2016, s. 171) som handlar om å kartlegge og vurdere tiltaket med sosiologisk praksis sett frå studentperspektivet. Studien følger det første kullet i praksis hausten 2019. Evalueringstudien har fleire fokusområde. Det eine retta seg mot gjennomføring og resultat av det innførte tiltaket, og det andre gir informasjon som kan brukast i framtidig utvikling (t.d. for andre disiplinutdanningar som vel å innføre praksis som læringsform) (Bukve, 2016, s. 172). Studentar er ei sentral gruppe i evalueringsarbeidet, men er ikkje den einaste. Mentorane og

1. Gjennomgangen på programnivå var gjennomført for studieåret 2021–2022 og tok utgangspunkt i studieplanar/emneoversikta i sosiologi til dei aktuelle institusjonane (Høgskulen på Vestlandet, 2021; Nord universitet, 2021; NTNU, 2021; UiT Norges Arktiske Universitet, 2021; Universitetet i Agder, 2021; Universitetet i Bergen, 2021; Universitetet i Oslo, 2021; Universitetet i Stavanger, 2021; Universitetet i Sørøst-Norge, 2021). Informasjon utover det som kjem fram i dei publiserte studieplanane/emneoversikta på programsida, er ikkje ein del av denne gjennomgangen.

fagkontaktane er også sentrale aktørar i gjennomføringa av praksisemnet. Praksis i sosiologi er eit nytt forskingsfelt, og det krevjast likevel ei avgrensing og spissing av studien. Fokuset i denne artikkelen rettar seg såleis berre mot studentar sine erfaringar.

Artikkelforfattaren hadde to roller i studien: praksisansvarleg og forskar. Artikkelforfattaren blei godt kjend med studentgruppa, noko som er ein styrke for å drive med analyse og kontekstualisering av datamaterialet. Samstundes vart det ekstra viktig å vere medviten om korleis eigen posisjon kan påverke den sosiale dynamikken mellom lærar som er forskar, og studentar som er informantar (Fangen, 2010, s. 146). Studentgruppa vart orientert om prosjektet på eit fagseminar og fekk ein open invitasjon til å delta som informantar. Det vart presisert at deltakinga i prosjektet ikkje på nokon måte ville påverke studieløpet, praksisoppfølginga eller andre delar av rettleiings- og/eller vurderingsarbeidet. Studentane signerte informert samtykke og kunne trekke seg frå prosjektet når som helst utan å oppgje nokon grunn. Ti av totalt tjuetjue studentar meldte seg til å delta i prosjektet; tre mannlege og sju kvinnelege studentar utgjer såleis datagrunnlaget for denne artikkelen. Det var ein stor variasjon i praksisplassane til studentane som deltok i forskingsprosjektet. Arbeidsplassane jobba med mellom anna integrering, utdanning/kvalifikasjon, kommunikasjon, kompetanseutvikling og prosjekt/oppdrag. Flesteparten av studentane var utplassert på offentlege arbeidsplassar, medan nokre få hadde praksis i privat sektor og ved ein NGO.

Studentane vart delt opp i to grupper med fem studentar i kvar gruppe ved gjennomføringa av intervju. Gruppeintervju er ei effektiv form for datagenerering og kan gje informantar tryggleik og gjensidig stimuli til å få fram mange ulike aspekt ved fenomenet dei alle kjenner til (Tjora, 2017, s. 123–124). Den første runden med intervju blei gjennomført veka før oppstart med praksisperioden, i byrjinga av oktober 2019, og den andre runden med gruppeintervju blei gjennomført veka etter avslutta praksis i november 2019. Intervjua var semistrukturerte med to intervjuguidar der ein var brukt før og ein etter praksisperioden. Samtykkeskjema, intervjuguidar og gjennomføring av intervjuopptak vart godkjend av NSD.

Analysestrategien for artikkelen er å kartlegge mønster i materialet ved å bruke tematisk kvalitativ analyse, som tar sikte på å gi kontekstuelle og fortolkande skildringar av datamaterialet (Silverman, 2020, s. 229). Det empiriske datagrunnlaget har blitt kontekstualisert, der stemmene til enkeltpersonar er sentrale, men desse er også satt i ein breiare kontekst som kan vere til hjelp for å tolke deira erfaringar (Braun & Clarke, 2006, s. 81). Etter å ha transkribert og gått gjennom alle intervjua var det tre tema som peika seg ut som sentrale for dei valde forskingsspørsmåla. Til saman viser desse ei breidd i lærdommar som studentar oppnår i sosiologisk praksis og meningskaping mellom den teoretiske og praktiske bruken av sosiologien, slik studentane opplever det. Dei tre utvalde temaa er: utvikling av ein arbeidsidentitet, praksisfellesskap i emning og bruken av den sosiologiske verktøykassa.

For å sikre informantane sin anonymitet vil ikkje kjønn eller praksisplass vere nemnd i sitata nedanfor. Sitat frå gruppeintervjua vart markert som FG1 (før-praksisintervju gruppe 1), FG2 (før-praksisintervju gruppe 2), EG1 (etter-praksisintervju gruppe 1) og EG2 (etter-praksisintervju gruppe 2) i artikkelen.

## Tematisk analyse av studentperspektiv

### *Utvikling av ein arbeidsidentitet*

Arbeidslivet er ein viktig arena for identitetsutvikling. Datamaterialet gir oss eit innblikk i sosialiseringssprosessane i praksis og sosiologistudentane sine erfaringar kring det første møtet med det profesjonelle arbeidslivet. Utviklingsperspektivet ein får tilgang til via før- og etter- praksisintervjua, er særskild interessant her. Allereie under før-praksisintervjua

var informantane arbeidslivsorienterte i den forstand at dei såg på praksis som ein konkret moglegheit til å skaffe seg profesjonell erfaring og bli meir attraktive i jobbsøkinga etter avslutta studium. Men dei gjekk også inn med ei forventning om å bli brukt som ein ressurs i arbeidslivet:

Eg håpar det blir meir gi og ta. På høgskulen får du berre informasjon heile tida, men på ein arbeidsplass kan ein gi noko tilbake. Ein får masse ny kunnskap, men ein får også lov til å bidra. (FG2)

Etter praksisopphaldet drog fleire studentar fram arbeid som noko identitetsskapande. Informantane fortalde om korleis sosialiseringprosessen og dei konkrete læringspunkta i praksis var med og forma ein arbeidsidentitet:

Eg har fått veldig mykje tillit og har fått ganske store oppgåver som eg har trudd eg ikkje har vore kvalifisert til å gjere, men så har eg på ein måte klart å løyse det. Og det har gitt meg mykje sjølvtilit og mykje motivasjon til å ta steget til å gå frå den her bachelorverda til å gå ut og begynne å jobbe, og eg trur kanskje det er det viktigaste eg tar med meg. At eg har fått den sjølvtiliten til å bli, ja . . . til å bli ein som jobbar. (EG1)

«Å bli ein som jobbar» er noko som blei konstruert over tid, via forventingar og tankar før praksis, erfaringar og refleksjonar gjort i praksis og ikkje minst meistringskjensla ved å få til dei tildelte arbeidsoppgåvene på praksisplassen. Informantane fortel at møtet med det profesjonelle arbeidslivet i fleire tilfelle hadde auka fagleg og personleg sjølvtilit. Møtet med arbeidslivet hadde også gitt studentane tru på framtida og vidare karriereløp:

Eg tenker at det blir godt å bli ferdig og gå til arbeid. No har ein liksom prøvd seg i arbeidslivet og fått tilbakemelding at ein passar i det. (EG1)

Sitatet ovanfor viser til ein refleksiv haldning til arbeidsidentitet. Giddens (1996) skriv om det refleksive sjølvvet, der identitet er eit resultat av refleksive val og slutningar og er i kontinuerleg endring som må sjåast i lys av nye erfaringar og ny informasjon. Identitet skapast og oppretthaldast gjennom ei refleksiv bevisstheit kring våre handlingar og aktivitetar (Giddens, 1996, s. 68). Studentane lagar ei forteljing om kvar dei kjem frå, og kvar dei skal; dei går frå å vere bachelorstudentar til arbeidstakarar som får trua på at dei «passar» inn i arbeidslivet, gjennom dei erfaringane og refleksjonane dei har gjort seg i praksis.

Ei anna side som blir trekt fram i konstruksjonen av «ein som jobbar», er utfordringane knytt til legitimering av fagleg kunnskap i praksis. Ei generell haldning blant studentane er at dei møter eit arbeidsliv som ikkje veit så mykje om sosiologifagleg kompetanse:

Eg føler at sosiologi er eit fag der du heile tida må legitimere den kunnskapen du har. At viss du skal ut i arbeid, så er ikkje det alle som veit kva sosiologi er, eller kva det går ut på, eller kva du egentleg kan fordi du har studert sosiologi. (EG1)

Kjensle av naudsynt legitimering av eigen kunnskap i overgangen mellom utdanning og arbeidsliv kan vere krevjande. Wenger definerer identitet som måten å snakke om korleis læring endrar kven vi er, og dannar personlege historier om det å verte til i eit fellesskap (Wenger, 1998, s. 5). Transisjonen til å bli ein profesjonell arbeidstakar og medlem i eit arbeidsfellesskap er ein viktig milepæl i identitetskonstruksjonen og såleis ein viktig lærdom for studentane i praksis, men også ein realitetssjekk om at den sosiologiske fagkompetansen er lite kjend i arbeidslivet. For sosiologistudentane kan praksissamarbeidet vere eit konkret

verktøy til å bygge tillit og gjere faget meir kjend for omgjevnadane, men også ei utprøving i å vere sosiologen i arbeid.

### Praksisfellesskap i emning

Sosiologikandidatar har ingen jobbar som er «øyremerka» til dei etter avslutta studium. Som med andre disiplinutdanningar har studentane mykje fridom kring yrkesval, og breidd i moglege framtidige arbeidsplassar vart også spegla av i ulike typar praksisverksemdar. Nokre studentar var utplassert i verksemdar med sterk profesjonstilhøyr (t.d. helse- og utdanningsinstitusjonar), medan andre hadde praksis i verksemdar med stor variasjon i kompetanse (t.d. ulike rådgjevingstenester i offentlege institusjonar).

Å passe inn og bli ein del av eit fellesskap stod høgt på lista over draumescenarioskildringane i før-praksisintervjua. Etter gjennomført praksis kunne studentane melde om store variasjonar i opplevingar kring dette. På den eine sida fortalde studentane om å ha blitt ein naturleg del av arbeidsfellesskapet:

Eg seier «min» jobb og «mine» kollegaer fordi eg blei så godt inkludert, så det er sånn eg har sett på dei. (EG1)

På den andre sida erfarte nokre studentar å bli oversett eller kjenne på eit tydeleg faglege og sosialt skilje mellom dei sjølv og kollegaene:

Vi såg egentleg veldig lite til dei vi jobba med. Dei sel jo timane sine, og dei er veldig opptatt. Og så er det det at vi er i ein heilt anna fagretning ( . . . ) det blei eit slikt skikkeleg skilje der mellom oss. (EG2)

Døma ovanfor viser viktigheita av dei sosiale og relasjonelle sidene ved arbeidsmiljøet og korleis desse påverka studentane sin arbeidskvardag. På fleire arbeidsplassar vart sosiologistudentane sett på som ein naturleg del av arbeidsfellesskapet, medan på eit par praksisplassar, slik studentane opplevde det, vart det faglege skiljet for stort mellom studentane og fagretninga på arbeidsplassen, som igjen førte til eit sosialt skilje. Wenger peikar på viktigheita av å høyre til som ein sentral del av utviklinga av identitet i eit praksisfellesskap, der studenten er ein aktiv deltakar og meiningsskapar (Wenger, 1998). Mentorane på arbeidsplassen har eit særskild ansvar for å involvere studentane i det faglege og sosiale fellesskapet og skal ideelt sett også ha ei sentral rolle i å jobbe med læringsfremjande interaksjon (Andreasen & Høigaard, 2017). Sjølv om praksis er ein læringsarena for studentane, regulert gjennom praksisavtalar og forventningsavklaringar, er dette også eit eksternt miljø med sin arbeidskultur og sine reglar og normer. Fleire av verksemdene som stilte som praksisplassar, hadde lite erfaring med å ta imot studentar og særskild ikkje sosiologistudentar som var ute i praksis for første gang. Praksisverksemdene representerer eit stort spekter av føretak, noko som er ei rimeleg forklaring på variasjonen i studentane sine møte med ulike arbeidskulturar. Det er likevel viktig å påpeike at dei fleste informantane i prosjektet meldte om trivsel og inkluderande miljø på arbeidsplassen i praksisperioden.

Arbeidslivsrelevansmeldinga presiserer at «vellykket samarbeid forutsetter at alle involverte tar eierskap og er villige til å investere tilstrekkelig med tid og ressurser for å nå felles mål» (Meld. St. 16 (2020–2021), s. 24). Trass i eit ønske om praksissamarbeid frå alle partar kan det oppstå spenningar i å etablere praksisfellesskap. I dei ulike praksissamarbeida har det danna seg ulike rollar og relasjonar, som baserte seg på ansvarlegheit mellom studentar og tilsette til å bidra til ei felles forståing av kva som var målet eller oppdraget dei skulle utføre (Bjørnsrud & Gjems, 2019). Skaping av meining mellom den teoretiske og den

praktiske bruken av sosiologien, slik studentane erfarte det, kunne såleis bli påverka av manglande eller gjensidig samarbeidskultur. Manglande kjensle av fellesskap kunne føre til «profesjonell isolasjon», som er eit uttrykk for læringsfattige relasjonar (Bjørnsrud & Gjems, 2019, s. 56), og såleis påverke den sentrale meiningsskapinga om sosiologi i praksis. På den andre sida viser forskning at «nettopp i spenningsfeltet mellom ulikheter kan nye erfaringer og kunnskaper utnyttast for å møte utfordringer og bidra til å utfordre forståelse og handling» (Bjørnsrud & Gjems, 2019, s. 9). Etablering av praksisfellesskap i eit disiplindefag med ingen øymerke jobbar eller ein klar profesjon som samarbeidspart kan føre med seg både faglege og sosiale spenningar, men også bringe fram innovativ kraft på tvers av utdanning og arbeidsliv og nye måtar studentane tenkjer på kring sin eigen fagkompetanse:

Eg har blitt veldig motivert for vidare studiar blant anna. (...) Før så såg eg berre på master i sosiologi, men no har eg også sett på master i innovasjon og entreprenørskap. Så eg har utvida horisonten min veldig. (EG1)

## Den sosiologiske verktøykassa

Emneplanen i praksisemnet peikar på den praktiske bruken av sosiologisk fagkunnskap som eit sentralt læringsutbytte. Generelt kan vi seie at den sosiologiske verktøykassa inneheld reiskapar til å analysere samfunnslivet med (Martinussen, 2008, s. 59). Desse kan vere sosiologiske omgrep, teoriar eller metodar. Før studentane gjekk ut i praksis, blei dei oppmoda til å bruke den sosiologiske fantasien (Mills, 1959) ved å kople personlege erfaringar i praksis med breiare perspektiv på sektoren, organisering av arbeidsoppgåver, prosessar, hierarki osv. Gjennom erfaringsdeling i etter-praksisintervjua vart det klart at informantane i stor grad fekk til å bruke den sosiologiske verktøykassa i praksisperioden. Fleire av informantane fortel om aktiv bruk av sosiologien og den sosiologiske faglitteraturen som ein ressurs i arbeidskvardagen i praksis.

Eg har brukt metode, og den her struktur-aktør-konflikten (...) Eg synest berre sånn heilskapleg, generelt, så har sosiologi gjort meg trygg på å jobbe med samfunnsutvikling fordi ein får veldig mange gode verktøy til å analysere samfunnet og korleis det heng saman. (EG1)

Erfaringane frå studentane kring bruken av den sosiologiske verktøykassa kan plasserast på eit kontinuum. På den eine sida har vi studentar som kjende igjen sosiologiske omgrep og fenomen på arbeidsplassen, og der arbeidsgjevar gav uttrykk for at den sosiologiske kompetansen studentane hadde, verka interessant, men der sosiologikunnskapane ikkje blei brukt direkte i arbeidskvardagen i praksis. På den andre sida har vi informantar som brukte faget aktivt i deira kvardagslege gjeremål på arbeidsplassen, og der arbeidsgjevar etterspurde den sosiologiske fagspesifikke kunnskapen for å kunne gjennomføre arbeidsoppgåvene. Informantane plasserer seg jamt på denne skalaen, med ulik grad av bruken av dei sosiologiske verktøya i praksis.

For å oppnå overføringa mellom det teoretiske og det praktiske må studentane vere medvitne om viktigheita av den kontinuerlege refleksjonen. Dette er noko som tidlegare forskning peikar på som særskild utfordrande for studentane i praksis (Lam et al., 2007; Smith et al., 2007). Nokre av informantane i dette prosjektet fortel om usikkerheita kring koplingane mellom arbeidet på praksisplassen og sosiologien:

Mentoren vår sa at det var så spennande å få oss inn, og at vi ser samfunnet på ein annan måte som var nyttig for han, men eg veit ikkje heilt kva han ville at vi skulle gjere med det. (EG2)

For min del har det ikkje vore så bra, og det er jo ei erfaring, det og. Det er ikkje sånn at arbeidslivet alltid er perfekt, og det veit jo alle. Men eg tenker at mykje av det eg har gjort, hadde eg ikkje trengt praksis til. Eg kunne like godt sitte på høgskulen og jobba. (EG2)

Erfaringane til studentane ovanfor kan tolkast som ei utfordring kring refleksjonsprosessen om deira faglege «nytte» på arbeidsplassen. I den første utsegna er informantens usikker på sitt bidrag til arbeidsplassen trass i positiv innstilling frå mentor; i den andre utsegna ser ein annan informant lite nytte i læringsforma som heilskap. For å analysere ytringane kan ein ta i bruk modellen om læringsprosessar i praksis som utviklar seg i tre fasar: «making sense», «making meaning» og «working with meaning» (Smith et al., 2007, s. 139). Sitata ovanfor kan kopleast på den første fasen i læringsprosessen, «making sense», der studentane prøver å forstå arbeidsplassen og si rolle og bidrag som fagperson. Den neste fasen i læringsprosessen i praksis er oppgradering til «making meaning», der studentane er på god veg til å sjå seg sjølv som ein ressurs på arbeidsplassen. Kritisk refleksjon i praksis er ein del av «making meaning» og er noko som studentane også fortel om i intervjua:

På min arbeidsplass jobba det mest (namn på profesjonen), og eg opplevde at dei gjekk inn i (temaet for personalsamlinga) utan det kritiske blikket som eg hadde, for eksempel. Så når vi hadde gruppearbeid der, så var dei «sånn er det, korleis skal vi takle det», medan eg følte at eg var meir kritisk i forhold til (tema for personalsamlinga). Eg trur det kritiske blikket er veldig viktig. (EG1)

Den siste fasen i modellen er transformasjonen til «working with meaning», der erfaringsbasert læring blir ein refleksiv prosess, og studentane klarar å overføre lærdommar frå arbeidspraksis til andre arbeids- og lærings situasjonar. Til dømes fortalde ein student om følgjande koplingar mellom teori og empiri i praksis:

Det er mykje lettare å forstå ting når du har hatt det i sosiologi. Sånn kulturell bakgrunn, kulturell kapital (...) og at alt heng saman. Vi har ei anna forståing av det når vi møter andre menneska, det er veldig nyttig. (EG1)

Læringsutbytta i praksis aukar parallelt med refleksive prosessar der relasjonen mellom teori og praksis blir kritisk undersøkt (Lam et al., 2007, s. 103), og der studentane kan reflektere over og lære av eigne erfaringar. Informantane i studien viser ei breidd i kritisk refleksjon frå det mest grunnleggjande «making sense» til «working with meaning». Ein sentral lærdom frå prosjektet er viktigheita av å gjere studentane merksame på dei ulike fasane av refleksjons- og læringsprosessane og rettleie dei til å jobbe med den fagspesifikke og den generiske verk-tøykassa både under og etter praksisopphaldet.

Tjora og Martinussen (2021) skriv om sosiologisk kompetanse som ei overordna tileigning av to ulike ferdigheiter: innhald og prosess. Innhald refererer til kunnskapen ein lærar seg under utdanningsløpet, t.d. sosiologiske forskingsmetodar, teoriar, perspektiv osv., medan prosess fokuserer på korleis ein lærer faget og utviklar sosiologisk faglegheit (Tjora & Martinussen, 2021, s. 123–124). Evna til å bruke fagkunnskapen i praksis (det som Tjora og Martinussen kallar for prosess) avgjorde i stor grad om studentane opplevde perioden som eit reelt prøveløp for eit framtidig yrkesliv eller ikkje.

## Avsluttande kommentarar

Evalueringsrapporten om arbeidslivsrelevans (NOKUT, 2020) trekk fram utvikling av kunnskap om arbeidslivsrelevans som ei sentral tilråding. Funna i denne studien styrkar kunnskapsgrunnlaget kring praksis som læringsform i sosiologi. Denne artikkelen tok



utgangspunkt i ein evalueringsstudie om innføring av obligatorisk praksis med fokus på studentefaringar. Studentar uttrykte at innføring av praksis både er eit legitimerande og eit tillitsbyggande tiltak. Praksis kan såleis vurderast som ein fellesgode, der arbeidsgjevarane blir kjende med framtidige arbeidstakarar, og studentane blir meir trygge på eigen kompetanse, sin arbeidsidentitet og måtar ein kan ta i bruk sosiologi i praksis. Artikkelen viser også at praksis i disiplinfag er komplekst. Utvikling av sosiologisk faglegheit og meningsforhandlingar i praksis kan vere utfordrande, der «working with meaning» er noko som må både lærast og praktiserast. «Å bli ein som jobbar» er ein samansett prosess der etablering av nye praksisfellesskap kan føre med seg både faglege og sosiale spenningar, men også bringe fram innovativ kraft og nye måtar studentane tenkjer kring sin eigen fagkompetanse.

## Litteratur

- Andreasen, J. K. & Høigaard, R. (2017). Praksisopplæringen i grunnskolelærerutdanningene – en studie om veiledningskvalitet. *Uniped*, 40(3), 222–234. <https://doi.org/10.18261/ISSN.1893-8981-2017-03->
- Bjørnsrud, H. & Gjems, L. (2019). *Praksisfellesskap for læring og profesjonsutvikling*. Universitetsforlaget.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77–101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre : om design av samfunnsvitskaplege forskingsprosjekt*. Universitetsforlaget.
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Finkelstein, M. (2009). Toward Teaching A Liberating Sociological Practicality: Challenges for Teaching, Learning and Practice. *Teaching Sociology*, 37(1), 89–102. <https://doi.org/10.1177/0092055X0903700108>
- Giddens, A. (1996). *Modernitet og selvidentitet*. Hans Reitzels Forlag.
- Hansen K. M., Haugen, A. & Lie, N.E. K. (2020). *Samarbeid mellom høyere utdanning og arbeidsliv - Internasjonale perspektiv*. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku).
- Høgskulen på Vestlandet. (2020). SA591 Arbeidslivsretta sosiologi. Emneplan for studieåret 2020/2021. <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/emne/sa591>
- Høgskulen på Vestlandet. (2021). Studieplan - Sosiologi - ungdomssosiologi, bachelorstudium. <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/sosiologi-ungdomssosiologi/2021h/studieplan/>
- Lam, C. M., Wong, H. & Leung, T. T. F. (2007). An Unfinished Reflexive Journey: Social Work Students Reflection on their Placement Experiences. *The British Journal of Social Work*, 37(1), 91–105. <https://doi.org/10.1093/bjsw/bcl320>
- Martinussen, W. (2008). *Samfunnsliv : innføring i sosiologiske tenkemåter* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Meld. St. 16 (2020-2021). *Utdanning for omstilling. Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20202021/id2838171/>
- Mills, C. W. (1959). *The sociological imagination*. Grove Press.
- NOKUT. (2018). Operasjon praksis 2018–2020. <https://www.nokut.no/prosjekter-i-nokut/operasjon-praksis-20182020/>
- NOKUT. (2019). Studiebarometeret sosiologi. Henta 27.03 2020 frå <http://www.studiebarometeret.no/no/student/finn?query=sosiologi&p=2&i=0&s=0&f=0&g=0>
- NOKUT. (2020). *Evaluering av arbeidslivsrelevans i disiplinutdanninger*. [https://www.nokut.no/contentassets/6b4b2a7c59ac41b0aeb725a832b492a6/introduksjon-til-evaluering-av-arbeidsrelevans-i-disiplinfag\\_okt-2019.pdf](https://www.nokut.no/contentassets/6b4b2a7c59ac41b0aeb725a832b492a6/introduksjon-til-evaluering-av-arbeidsrelevans-i-disiplinfag_okt-2019.pdf)
- Nord universitet. (2021). Studieplan Bachelor i sosiologi og samfunnsanalyse. Henta 27.01 2022 frå <https://www.nord.no/no/Student/studieplaner/basos>

- NTNU. (2021). *Bachelorprogram, 3-årig, Trondheim Sosiologi*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.ntnu.no/studier/bsos/oppbygning>
- Silverman, D. (2020). *Interpreting qualitative data* (6 utg.). SAGE.
- Smith, K., Clegg, S., Lawrence, E. & Todd, M. J. (2007). The challenges of reflection: students learning from work placements. *Innovations in Education and Teaching International*, 44(2), 131–141. <https://doi.org/10.1080/14703290701241042>
- Støren, L. A., Nesje, K., Veia, K. S., Arnesen, C. Å. & Reymert, I. (2018). Kompetanseutnyttelse blant mastere to–tre år etter eksamen. Resultater fra Spesialkandidatundersøkelsen 2017. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning NIFU.
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal akademisk.
- Tjora, A. H. & Martinussen, W. M. (2021). *Sosiologiske anføktelser : ansats - anvendelse - ansvar* (1 utg.). Fagbokforlaget.
- UiT Norges Arktiske Universitet. (2021). *Sosiologi - bachelor*. Henta frå [https://uit.no/utdanning/program/276740/sosiologi\\_-\\_bachelor](https://uit.no/utdanning/program/276740/sosiologi_-_bachelor)
- Universitetet i Agder. (2021). *Studieplan for sosiologi, bachelorprogram*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.uia.no/studieplaner/programme/BACSOSIO>
- Universitetet i Bergen. (2021). *Sosiologi, bachelor, 3 år*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.uib.no/studier/BASV-SOS>
- Universitetet i Oslo. (2021). *Sosiologi (bachelor)*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.uio.no/studier/program/sosiologi/>
- Universitetet i Stavanger. (2021). *Sosiologi bachelor*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.uis.no/nb/studietilbud/sosiologi-bachelor#studieplan>
- Universitetet i Sørøst-Norge. (2021). *Bachelor i sosiologi*. Henta 27.01 2022 frå <https://www.usn.no/studier/bachelor-i-sosiologi/bachelor-i-sosiologi-1>
- Wenger, E. (1998). *Communities of practice : learning, meaning, and identity*. Cambridge University Press.